

sett meg dette i hovudet og gledt meg til det.» Han vart sturen — fekk ikkje munnen upp, men vart standande og stira på husbonden. «Eg tenkjer, det er betre du vert heime og fær veden inn, enn å slengja etter vegane i timevis.» Dermed gjekk mannen, og guten stod att. Då vende han seg etter honom som gjekk: «Kven hev sagt, at eg vilde slengja etter vegane!» Husbonden høyrdet det ikkje. Men det kom noko vondt, hatigtt upp i guten; det var liksom desse ordi — sagt i vreide og misnøgje — gjorde honom enno meir uppøst. Han beit harmen i seg og gjekk til veden. —

Den kvelden var han ikkje so hu-
ga til å gå til Herren med bøn og takk. Kva hadde hendt? Han hadde vore utru mot Frelsaren; han hadde late vreide og hat setja eit stygt merke i sjeli. Det vart myrke stunder for honom. Men han laut etter læra å krypa til nådens kross og få forlating på nytt. Frå den stundi hadde han lært noko: han hadde lært, at ei liti utruskap i det daglege livet kann bringa so langt burt frå Herren, at me synest, det er mest umogeleg å finna honom att. — Han fekk læra meir og meir, at han ikkje berre hadde å beda um «Kristus for oss», men at han også laut beda og kjempa for å få «Kristus i oss.» Han fekk læra, kor mykje det er um å gjera for et menneske, som hev fenge syndfor-
lating, å kjempa imot alt vondt.

Etter som tidi gjekk, fekk han sjå, at utruskap i kampen for å rein sa oss meir og meir frå alt, som er framandt for Guds heilage ande, kan bringa freden og gleda i Gad til å ryggjast. —

Gjev, at me alle mætte halda oss dette klårt for auga. Alt for mange er det, som tek det lett i so må-
leg säl.

STILLE STUNDER kjem ut i Volda kvar 14. dag og kostar med sendepengar kr. 3.00 for året. Tingarsamlarar fær for 5 løyste blad det 6te fritt. Kan tingast på alle poststadar i landet. Uppsegjingar av bladet må vera komne til sendestova innan utgangen av halvåret. Elles stend tingingi fast. Tilskrift til styret og sendestova er fru sokneprest Barstad, Volda

te og meinat, at nåden skal dekkja alt. Ja, nåden dekkjer alle synder hjå den, som gjerne vil verta syndi kvitt. Men meiner du, det gjang att å halda fast i trui Kristus og hans forsoningsgjerd for deg, når du samstundes let syndi råda utan å angra eller hata henne? Hjå Kristus skal du søkja både *reinsing* og *reinleik*. Han vil hjelpe deg burt frå det gamle og føra deg fram på nye vegar. — Syrgja må me, hjarteleg syrgja, kvar gong me ved utruskap hev skjent hans namn. Ja, nettupp fordi me torer tru, at hjå honom er ei æveleg forlating, må det skjera oss i hjarta, at me syn-
dar imot ein so god, so nådig Her-
re og ven, som kom for å lækja alt
sjukt og reisa upp det, som låg
nede. —

Njædel Rothaug.

Ei mors bøn.

Scriver (han, som hev skrive «Sjæleskatten») fortel dette um si sæle mor:

«Eg hev ofte hørt mi gudelege mor beda tidleg um morgenon, fyrr enn me borni og tenarane var uppe. Ho hadde til vis å beda for borni sine eitt og eitt høglydt. Eg minnest endå so vel, at når ho kom til meg, so bad ho Gud hjarteleg og inderleg, at han mætte gjeva meg den åndi, som gjev vit, kanning, visdom og Herrens frykt, at han mætte signa studeringane mine, vara meg frå Djævelen si makt og list, frå den vonde verds freistingar og synder og gjera meg til reidskap for hans nåde og til eit kjerald for hans miskunn, bruka meg til hans æra og til uppbygging for mange sjeler og endeleg gjera meg æveleg säl. —

Denne barnelege og audmjuke böni av den gudelege mor um åndelige gavor og himmelske gode ting vart då og rikeleg høyrd.

(Frå tysk.)

Bladmannaskulen

gjev opplæring i bladarbeid ved brevbyte. Plan fritt.

Bladstyrar HANS AARNES,
Bygdøy, Oslo.

Solglimit

månadsblad for Norsk vanføresak — kjem ut i Alvøy, pris kr. 2,00 um året. Meldingar, utgreidinger um saki frå inn- og utland, forteljinar o. a. Styd vanføresa-ki ved å tinga bladet!

F R A M

14-dagleg tidsskrift, utgjeve av studentmållaga i Oslo, Nidaros og Aas.

Kostar berre kr. 1,50 kvartalet.
Fritt og friskt.

Bendeungdomslaget, Stavanger

Matstova, Øvre Holmegård 20
Kaffistova, Torget 6
Kaffistova, Østervåg 25.

GOD MAT OG GODT STELL.

Kaffistovone åt mållaget Haugesund.

Telefongarden Torget og Haraldsgt. 126
ved Landmannstorget.

Framifrå stell.

Beste og billegaste matstover i byen
Husbunad i norsk stil.
Stort bladhald.



Nr. 1.

15. januar 1934.

46. årgangen.

Nyårstankar.

«Herre, lær meg telja dage mine, so eg kann få visdom i hjarta!»

Me stend ved årsskiftet. Eit år
ligg attanum oss, eit nytt år
framanfor oss.

Når me tenkjer framyver eit heilt
år med alle dagar og timer, tyk-
kjest det vera so langt. Difor se-
gjer ein gjerne då: *Me hev tidi for oss*. Annarleis når ein tenkjer att-
ende. Det same segjer gjerne ung-
domen, når han ser fram yver li-
vet. Dei som hev livt det synest at
det er so stutt. Den gamle songa-
ren sa åt det var som ein skugge,
som ei handsbreidd.

Tidi er som elvistraumen. Vat-
net i våre elvar hev runne i umi-
nelege tider og vil vel gjera det
framleides. Men det hev no vorte
ei stor sak å nyitta ut krafti for
vår tid.

Tid hev det vore fyre oss, og tid
vil det verta etter oss, men me veit
ikkje kor mange år og dagar me
sjølve vert standande attmed denne
straumen og hev høve å nyitta
honom ut.

Tidi er vår største kapital. Og
denne kapital hev både fatige og
rike.

Kva skulde me so helst nyitta det-
te komande år til?

Lat meg nemna eit og anna, som
serleg høver ungdom:

Sanka seg kunnskap. Arbeidde
du kvar dag ein halv time på å
læra eit framandt mål, so vilde du
um nokre få år vera inne i det.

Tenk kva verd det hev. No er her
so lett høve til å få bøker og blad,
som gjev kunnskap. Um du brukar
vel den tid som fell av frå ditt
hovudyrkje, so skulde du sjå kor
langt du kom. Det er so mykje tid
som vert burtkasta. De veit at
handverkaren kann øyda materialet
når han tek berre midten av emnet.
Dersom nokon vilde skriva upp al-
le dei timer og dagar han kastar
burt til fanyttes, so skulde han, når
året var ute, sjå underlege ting.

Og det er serleg utnytting av des-
se stunder eg tenkjer på. Ingen
tar soleis orsaka seg med tideley-
se til å læra noko.

Umframt bokleg kunnskap vil eg
nemna menneskekunnskap. Lær
menneski å kjenna betre i det ko-
mande år. Men denne kunnskap er
fårleg. Hev du eit bittert sinn og
ukjærlegt hjarta, so brukar du hon-
om til kritik og dom. Det gjer
berre skade. Men hev du eit kjær-
leksfyllt hjarta, so vil den auka
menneskekunnskap hjelpe deg til å
bera over med mange ting, til å
tenkja vel, til å ha den mjuke han-
di som kann retta feil og grøda sår.

Du hev mindre lett for å misstyda
ord og handlingar som kom i god
meining.

Ein tridje ting vil eg ogso nem-
na: Tenk på din eigen bate og
gjer ditt liv rikt ved å liva for and-
re. —

De hev hørt um den rike kvinnen
som vart leid av livet, av di ho ber-
re vilde njota; men som fann livs-
lukka og livsmeining, då ho tok til
å liva for dei fatige, dei syrgjande.

*
Det nye året hev ogso sine gavor
å gjeva og sine merkesteinar å rei-
sa. —

Me ser ofte framidi vår som ein
veg burtetter med bakkar og ris.
No er det sume som i år skal upp på
ein sovoren bakke. Det kann vera
din eksamen, din livsstilling, ski-
ping av heim o. m. a.

Me ynskjer deg lukke til å ná
opp på bakken din. Du vil nok
snart sjå ein ny bakke, eit nytt ris
på vegen din.

Under strevet med å ná fram la-
gar me oss på fyrehand biletet av
den komande glede, den komande
vinning. Desse er fagre og gilde.
Me liver i våre illusjonar.

Men desse kann bresta. Det kann
vera evna til å ná fram som van-
tar, eller det kann koma noko i ve-
gen, eller du når fram, men det ver-
kelege svarar ikkje til biletet. Bu-
deg på dette, men miss ikkje mo-
det.

NYÅR.

Nyår smiler yver fjell og tindar lysande som opne barneauga; morgonroder det i rosor lindar, i ein gullflaum soli vent det laugar. Nyår, nyår! Merket ditt er von, glad du stend på tidsens tjåk og tjon.

Nyår, lær meg og på tjon trøda, lær meg vona, sjå mot ljós og høgd, tru på livet, som kann sári grøda, sjå som barnet alt og vera nøgd. Lær meg yngd å sokja, som ei eldest, trå mot dag, som aldri kverv og kveldest.

Men det hender fyrst, når nyår renner i mitt hjarta, og når livsens sol, varmande i all min hug eg kjenner, so eg yngjest som eit barn i jol. Då vil blodet ungt i ådrom firla, sjeli vonfull som ei lerka tirla.

JOHANNES BARSTAD.

Det som gjer det tungt å nå fram eller som vil hindra dine illusjonar å verta verkelege, det er vanskane.

Sume stend som store myrke fjell midt i vegen. Her treng me ei åndskraft som hjelper over. Det er *tru*. Og desse berg er det me skal flytta med *tru* vår. *Trui* er den siger som y vervinn verdi.

So kann vindane taka til å blåsa, og elvane strøyma mot huset ditt. Du fær motgang. Her er det *von* skal gjeva meg å tola og taka upp striden. Men *tru* og *von* finn du i det Jesu namn som stend som yverskrift yver heile det nye år.

Enno nemner me noko som året kann koma med: *Hjartesåri*. Her er two slag. Dei som syndi gjev, og dei som sorgi gjev. Til dei fyrste hører fylgjone av våre synner. Til dei andre slike som ei mors sorg yver eit barn som fer villt, tapet av ein ven o. l.

Tidi lækjer alle sår. Javist, men

det er ikkje den rette lækjemod. Der sit djupe ær etter den lækjing. Best er nåden frå Gud, — hans kjærleik.

Vår siste nyåstanke skal vera: Tidi er forskulen for æva.

Me gjeng i livsens skule alle. Me skal verta budde på å liva i æva. Kvar skal få etter det som er hendt ved likamen.

Sume vert utskrivne av denne skulen i det komande år. Nokre er ferdige, andre lærer ikkje noko likevel.

A måtte me vera millom deim som lærer, um det so gjeng aldri so smått!

Solhov.

Statt upp, vèrt ljós! For ljoset ditt kjem, og Herrens herlegdom renn upp yver deg. Jes. 60, 1.

Det er i den myrkaste tidi på året me held jol, i solhovsdagane, då natti her uppe hjå oss er so lang, at det ikkje er mykje att av dag og ljós. Men nettupp då skjer det også so stilt ei vending. «Soli hev vendt seg», segjer me, det vert frå no ikkje myrkare, men ljosare, det gjeng fram mot vår og sumar, til dess det ved Jonsok ikkje er stort meir av natt og myrkr, men berre dag og ljós.

Det er eit djupt bilet. Det var natt og myrkr i verdi, då Jesus var fødd; vondsko og vonløyse, so det såg ut som sanningi og frelse-ljoset reint skulde verta sløkkt mellom menneskja. Men det vart ei vending då Jesus kom til verdi. I fyrstningi kunde ein ikkje merka det vidare, so stilt som det skjedde. Men ei vending vart det, so det no, då han er komen, som er ljoset og soli åt menneskja, Frelsaren frå naturi. Det merkest ikkje mykje like etter jol, at soli hev vendt og stig, den meste snøen og kulden kjem seinare: «Dagene lenges, vinsteren strenges, og det er svart». Og sidan er det mykje is og snø, som skal smeltast; ein høyrer, når

verdi, og me veit det vil ikkje enda, fyrr det hev gjort full og klar dag i Guds rike.

Og som det er med mannaætti, soleis er det og med menneskehjarto. Det er fatigt kaldt og myrkt i sjeли, fyrr ein lærer Kristus å kjenna og byrjar elsko han, og det gjeng alltid lenger ned mot eit djupare myrkr, av synd og daude. Men når han er fødd hjå eit menneske, då skjer det stilt ei stor vending; med honom gjeng der upp eit ljós derinne, som lik soli vil veksa og vinna fram, stiga høgare og høgare til dess det heilt hev vunne yver myrkret. Difor syng me og i salmen vår: «Julen er kommet med solhverv for hjerterne bange», og me kveikjer ved joletid alle ljosi våre. Det skal vera bilet for augo våre og hjarto våre av det store ljoset, som med Jesus er kome til verdi og skinn inn i all daude-skuggen. Gud vere lova for Jesus, soli vår, for oppgangen frå det høge, som hev vitja oss, og Gud vere lova for, at denne soli hev stige høgare og høgare på himmelen og spreider strålane sine lenger og lenger, til dess ho heilt hev vunne yver myrkret!

Men her vil ein peika på tidsmyrkret, som heller tykkjест draga seg tettare saman enn vika, myrkret av vantru, daude og Gudløyse i vår tid. Og eg hører eit menneske i sut for seg sjølv segja: Eg finn ikkje at myrkret kverv hjå meg og ljoset veks. Det er snarare som ljoset mitt held på å slokna. Det kann vera sant, altfor sant. Men saki vert difor ikkje umsnudd; Herren Jesus er likevel for kyrkja si og alle dei einskilde, som trur på han, ei stigande sol, som skal nå målet sitt. Det er med dette som i naturi. Det merkest ikkje mykje synd og daude og Satans rike, ikkje meir gjeng tilbake mot natt og myrkr, men fram mot ljós og dag.

Me ser, at det frelesljos, som byrja skina for hyrdingane, sidan hev spreidt seg lenger og lenger utever

det gjeng mot vår, um skridor og flaum og storm og forlis, det er som naturi skjelv og mykje gjeng til grunne, og vonde og tronge tider kann det vera, som um myrkret enno hadde makti.

Ogso sidan, når ein tykkjér det skulde vore kome langt fram mot dei ljosare tider, kann det koma myrke og tunge dagar, då himmelen heng blygrå nedover jordi og jordi ligg so arm og fatig. For vel er snøen fare, men du ser mest ikkje noko grasastrå, eller det, som hev spirt upp, tykkjest vilja gå til av nattefrost eller for mykje væte.

Men under alt dette stig soli litt um senn dag etter dag, jamt og støtt. Ja, det er nettupp den stigande soli, som verkar mykje av desse uveirstidene, når ho jagar isen og snøen og myrkret; ho skal i vissa koma til å stå høg på himmelen. Ho skal i vissa kalla fram alle dei renningar, som det er liv i, og få dei til å bløma og bera frukt, til dess heile jordi stend klædd som brud ved midsumarstid.

Det er eit bilet, men likevel meir enn eit bilet. For Jesus er soli vår, segjer skrifti. Alt det, som gjeld um den naturlege soli, vert oppfyllt i han, urbiletet åt ljoset. Den soli, som vart tendra jolenatti, skal ikkje slokna og ikkje skrida attende, men ho skal stiga etter Guds ubrigdele kjærleikslov, til ho heilt hev sigra yver syndi, dau-den og myrkret i verdi.

Det ljós, som er kveikt i eit hjarta ved trui på Jesus, skal ikkje slokna og døy, men det skal stiga og verta klårare, um det sume tider tykkjest verta seint, til dagen kjem, då alt er ljós.

Lat oss ved joletid stille gledja oss yver, at det store solhov er skjett, og at me veit kva som deretter må skje. Og for vår eigi sut og redsle, når me ser dei svære skjelvingar um oss eller kjenner dei reddhuga og myrke tider hjå oss sjølve, lat oss minnast: Trur me på soli, Herren Jesus, skal me ik-

kje verta til skamme. Liver me i hans ljós, skal me verta ljose av det. Set me voni til han, skal all voni vår verta oppfyllt, som det klårt skal syna seg, når han kjem att for å støpta ut det siste myrkret og skapa den evige sumaren. Amen.

Etter Gustav Jensen.

Tru i det smaa.

Han hadde hørt eit ord, som gjekk honom til hjarta. Aldri hadde han tenkt so mykje yver livet som no. Han såg, det laut koma til eit brigde — han kunde ikkje lenger lata det gå i den gamle leidi. Men kvar skulde han byrja? Det var som ei røyst um reinleik og uskuld, han hadde hørt. Hadde hans liv vore reint? Hadde det vore uskuldstankar, han hadde hyst? Han visste for vel, at so var det ikkje. Men so var det dette um nåde og reinskning «utan pengar og utan betaling». Det var ein underleg tanke: han hadde hørt desse ordi so ofte fyrr; men han hadde aldri fest seg vidare ved deim; han hadde ikkje høvt bruk for deim. Men no hadde han bruk for desse ordi, for denne stortanken, aldri uppfunden av menneskevisdom. Det gjekk bivrande som strimor av sol gjenom honom; det var som han gleddest og støktest samstundes: var dette for honom — kunde han verta rein — kunde han verta som eit nytt menneske, byrja som å nyo med gløymse yver det gamle. Han vart standande som klumsa på vegen, der han gjekk. Han syntes, det gjekk opp for honom reint og lysande biletet av Frelsaren; dei rann honom ihug dei velkjende, aldri åtgådde ordi: «Kom hit til meg» — kom — kom berre — her er fred — her er gleda! Han visste det vel i denne stundi, at her var freden, her var gleda, og at det alt saman var nær honom, honom sjølv, som hadde stunda so lenge etter noko,

han ikkje visste å gjeva namn. Då laut han segja or djupet av det hugtekne hjarta: Takk, takk, at du kom, du, som eg ikkje hadde tenkt på — takk, at eg hev fenge sjå som ein glytt av din herlegdom!» Og med takken slog han det liksom fast, at no skulde dette vera eide domen hans, livskjelda for honom. Det kom slik underleg fred, det vart so stillt inni honom, og stillt vart det jamvel i naturi. Det hadde vorte kveld. Og med fullt hjarta gjekk han til kvile. Han somna med tankane leikande inn i framtid: kor rikt skulde livet no verta, kor mykje hadde han ikkje no å gjera. «Gud, gjev meg å ganga fram, Gud lat meg få halda fast!» Han vakna med full klårleik yver, at noko underlegt, noko godt hadde gjenge fyre seg med honom. Han vart liggjande å tenkja. No skulde han ta ka fatt; no skulde han få ganga til alt sitt yrke med Guds velsigning. So laut det vel hava framgang, so var sigeren viss. — So lett og glad hadde han ikkje fyrr gjenge til sitt arbeid; alt gjekk som av seg sjølv. Det fall ikkje tungt å vera hjelksam og venleg; han tottest verta boren gjennom alle vanskar som av ei usynleg makt. Slik gjekk det ei tid framover. Han hadde kvar kveld so mykje å takka Herren for. Han fekk tru på hans nåde og kjende hjelpe frå honom. So fekk han vel vera fullnøgd. — Laurdag middag vilde han beda seg fri hjå husbonden. Han vilde avstad til ein landhandlar ei halv mil frå garden for å kjøpa seg ein lummebibel; han vilde so gjerne hava Guds ord med seg, når han låg heile dagen ute i skogen på timberhogst. Han tottest vera viss um, at han fekk lov til det. Han hadde ein god husbond, som ikkje var knipen i so måte. Men nei, den gongen hadde han rekna rangt: det var noko ved, som skulde bringast inn under tak, fyrr helgi kom; det såg ut til nedburd. — «Ikkje lov til å ganga», tenkte han, «no hadde eg so visst